MatteLiST

Algebra på film – kubar og kvadratar

Biletet illustrerer formelen for summen av dei seks første kubikktala

$$1^3+2^3+3^3+4^3+5^3+6^3=(1+2+3+4+5+6)^2$$



Kan du sjå kvar i figuren kvart av tala i formelen er representert?

Kan du teikne ein liknande figur som representerer summen av dei sju

Første kubikktala?

Kva viss du held fram med å ta med endå fleire kubikktal?

Foreslå ein formel for summen av dei *n* første kubikktala.

Kan du bevise formelen din ved hjelp av figurane og forklaringar?